



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Fylkesutvalet
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlende enhet:

Saksbehandler/innvalgsnr:
Kathrine Njåstad Blaaflat -

Vår referanse:
2015/029609-009

Deres referanse:

Vår dato
01.07.2015

Oversending av klage på førehandstilsegn ny avkøyrslø - gnr. 161, bnr. 1 - Juv, Stryn kommune

Rønnaug Berge Leite har søkt om opparbeiding av ny avkøyrslø og delvis bruk av eksisterande avkøyrslø, i søknad mottatt 04.05.2015. Det vart den 19.05.2015 gitt førehandstilsegn for ny avkøyrslø, på vilkår av at det blir satt opp ein låsbar bom over eksisterande avkøyrslø for å sikre at denne berre vert brukt ved spesielle høve. Rønnaug Berge Leite har i skriv mottatt 28.05.2015 klaga på vedtaket.

Alle dokumenta i saka ligg vedlagt.

Rønnaug Berge Leite har kjøpt Rygg og Haugen skule i Indre Hornindal og skal etter planen flytte dei til Juv og nytte dei som utleiehus. I denne samanheng treng eigedommen nytt løyve til avkøyrslø frå Statens vegvesen, og søknaden av 04.05.2015 inneheld 3 forskjellige alternative tiltak. Etter dialog mellom søkar og sakshandsamar er det alternativ 2 som er handsama i vedtak av 19.05.2015. Det omfattar ny avkøyrslø for gardsbruk til to stk. nye bustader, samtidig som at eksisterande avkøyrslø kan nyttast som avlastingsveg.

Det er gitt førehandsegn til ny avkøyrslø på vilkår av at eksisterande avkøyrslø vert sperra med låsbar bom og den innsendte klagen gjeld vilkåret. I vedtak av 19.05.2015 heiter det: *«Vanlegvis set vi krav om stenging av eksisterande avkøyrslø, men i denne saka går vi med på eit kompromiss, då vi har skjønt at stenging vil medføre ulempe for dokker. Samstundes må vi sikre oss at den berre vert brukt ved spesielle høve. Difor har vi sett eit vilkår om låsbar bom, jamfør pkt. 9.»*

På bakgrunn av klaga frå Rønnaug Berge Leite har vi gått gjennom saka på nytt. Saka har vore diskutert mange gonger i forkant av handsaming av søknaden, og vanlegvis ville vi satt krav om at den eksisterande avkøyrslø skulle stengast heilt, pga. for dårlege siktforhold. Krav om bom er for å sikre oss mot at avkøyrslø med for dårleg sikt ikkje får utvida bruk, men at den nye avkøyrslø vert nytta.

Vi kan ikkje sjå at det har kome fram nye moment i klagen, som ikkje allereie er vurdert i denne saka, og Vegavdeling Sogn og Fjordane finn det difor rett å oppretthalda vedtaket av 19.05.2015 og oversender klagen til Fylkesutvalet for handsaming.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Bjarte Sandal
fungerande seksjonsleiar
-sign-


Kathrine Njåstad Blaaflat

3 vedlegg

Kopi: Rønnaug Berge Leite, Kjølisdalen, 6776 Kjølisdalen; Stryn kommune, Tonninggata 4,
6783 Stryn